



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/244360-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.01.2021

Uttale til dispensasjonssøknad – gbnr 188/83 Gjervik ytre – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 21.01.2021 – Oversending av dispensasjonssøknad til uttale, gnr. 188 bnr. 83, Gjervik ytre.

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse i reguleringsplan for oppføring av garasje på 48 m² ca. 12 meter frå vegmidte Ev. 39. Det er også søkt om oppføring av altan 21,5 meter frå vegmidte.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område STALLANE i Knarvik (PlanID 1263-18061965) innanfor det som i reguleringsplanen er definert som bustad. Reguleringsplanen har byggjegrænse mot Ev39 på 20 m frå vegmidte.

Til denne dispensasjonssøknaden uttalar Statens vegvesen seg som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Uttale

Veglova sitt krav om byggjegrænse skal mellom anna ivareta omsynet til støy, trafikktryggleik og effektivt vedlikehald av veggrunn. Byggjegrænse skal også sikre nok areal til at vegen kan utvidast i framtida.

Byggjegrænse er i gjeldande reguleringsplan sett til 20 meter frå vegmidte Ev. 39. Altan er planlagt 21,5 meter frå vegmidte og er såleis ikkje i konflikt med regulert byggjegrænse.

Når det gjeld garasje er denne søkt plassert om lag 12 meter frå midten av europavegen. Gnr. 188 bnr. 83 er ei stor bustadtomt. Søknaden om dispensasjon er ikkje grunngeve jfr. kravet i plan- og bygningslova (PBL) § 19-1. I dette tilhøvet meiner vi at tiltakshavar har god

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER


Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

mogeleghet til å plassere garasjen sin ein annan stad på tomta og med ein avstand som gjer at tiltaket ikkje kjem i konflikt med byggjegrensa.

I tilgrensande reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum, oval rundkøyring (PlanID 1263-2017021) er gang- og sykkelveg (o_SGS3) regulert fram til plangrensa. Dette tilseier et behov for å halde på byggjegrensa for eventuelt å kunne vidareføre regulering av denne med naudsynt sideareal.



Jfr. PBL § 19-2 kan ikkje kommunen gje dispensasjon dersom omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert i frå vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon være klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Konklusjon

Statens vegvesen meiner dei samfunnsmessige interessene knytt til framtidig behov for å kunne utvide E39 /regulere gang- og sykkelveg, tilseier at omsynet bak byggjegrensa vert sett vesentleg til side dersom kommunen gjev dispensasjon i denne saka. Slik vi vurderer det har Alver kommune jfr. PBL § 19-2 ikkje høve til å gje dispensasjon.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.